

Søknad

Søknadsnr.	2019-0006	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskotsordning for miljøsertifisering			
Prosjektnavn	>Miljøsertifisering for Flatheim			

Kort beskrivelse

Vi ynskjer å gå igjennom bedrifta vår, og få vurdert og evt utbetra den med tanke på miljøomsyn. Vi ynskjer å ende opp med ei miljøsertifisering. Vi har valt å nytte ordinga "Norsk Økoturisme", som blir administrert av Hanen (eigd av Innovasjon Norge)

Prosjektbeskrivelse

"Norsk Økoturisme er berikande natur-og kulturopplevingar, tilrettelagt av ansvarlege reiselivsbedrifter med omsorg for sine gjester , miljøet og det loikalsamfunnet det er ein del av."

Vi har lenge tenkt på å bli miljøsertifisert. Vi har valt å bruke Innovasjon Norge si ordning som blir administrert av Hanen. Vi trur vi har ein del av dette allereie i vår bedrift. Vi ønskjer difor å få gjort ein grundig gjennomgang for å sjå kva vi har i orden og kva vi kan forbetre. Ved å gjere ein systematisk analyse av oss sjølv, vil vi bli meir bevisste, vi kan spare pengar og miljø og truleg vil det også gje oss ein auka tryggleik i å drive, når vi veit vi har gjort ein slik "kvalitetskontroll og forbetring".

Ofte gjer vi ting av gammal vane, men det kan gjerne vere små grep som gjer at vi både sparar oss sjølv om miljøet for påkjenning. Det er også viktig for oss å formidle gode haldningar, både eksternt og internt. Vi håpar det vil styrke oss som vertskap og at det vil gjere bedrifta meir attraktiv for besøkande. Kanskje vil vi også ende opp med å spare pengar? Vi vil forbetre systema våre, og lage endå betre rutinar for utføring og evaluering. Kanskje vil det avdekkast nødvendige større tiltak, i såfall må desse planleggast og gjennomførast.

Vi vil gjennomføre forarbeidet før godkjenning på eiga hand, og søke råd hos Hanen ved behov. Hanen står for godkjenning til slutt.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Vallestad, Heidi Org.nr:9994940309	Hoffslåttene 6978 VIKSDALEN	99246066
Kontakt- person	Heidi Vallestad	Hoffslåttene 6978 VIKSDALEN	99246066
Prosjekt- leder	Heidi Vallestad	Hoffslåttene 6978 VIKSDALEN	99246066

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Innovasjon Norge, Nettverket Gaularfjellet 500 000,-

Sunnfjord Utvikling, kafèkonsept 63000,-

Gaulafondet, flytting av hus 100 000,-

Mentorstøtte IN 35 500,-

Spesifikasjon

Bakgrunn

Bakgrunn for posjektet er eit aukande fokus på nettopp miljø, generelt i samfunnet. Vi har kjent på behovet for ein gjennomgang både for å sikre at vi gjer ting slik vi burde, og forhåpentlegvis spare både pengar og miljø. Når dette er gjort, tenker vi det vil vere ein styrke for oss som bedrift, og gje oss eit fortrinn når kundane skal velge. Dette gjer vi som eit ledd i vår utvikling. Vi har hatt ein bra vekst for kvart år dei siste åra, og jo meir gjester, jo større er belastinga både på natur og bygningar. Avfallsmengda aukar, og vi må handtere det. Det medfører også større krav til oss som vertskap, og ei bevisstgjerung på det, og ein heilskapstenking av alle som jobbar på Flatheim kjennes naudsynt. Vi føler dette er eit grep som er rett å ta i det stadiet vi er no. Vi håpar og planlegg å vekse endå litt til framover.

Prosjekt mål

Vi ønsker at dette skal gje oss fortrinn når gjestene skal velge. Det vil vi sjå når vi ser på tal besøkande, omsetning og tilbakemeldingar.

Vi håpar å kunne spare pengar. Dette vil vi sjå ved å vurdere innkjøp opp mot inntening. Vi vil også sjå det på energiforbruk og kva det kostar oss.

Vi ynskjer å bli eit endå betre vertskap, det kan vi sjå ved å vurdere tilbakemeldingar.

Vi ynskjer å formidle natur og kulturverdiar i området, dette vil auke besøket både til oss og andre bedrifter i området, og fokuset på det som attraksjon vil auke.

Vi ønskjer å bli assosierte med det å vere miljøbevisste, og vi tenker det også skal gje ringverknader. Vi håpar å sjå at andre bedrifter rundt oss vel å miljøsertifisere seg.

Forankring

Vi er godkjent 4H-gard. Å vere miljøsertifisert er heilt i tråd med dei verdiane 4H står for, og vår bakgrunn derifrå vil vere ein styrke for oss i arbeidet.

Vi er med på å utarbeide kulturminneplanen for Gaular Kommune som nettopp har starta arbeidet med den, og dette arbeidet vil vere vinn-vinn i forhold til arbeidet med kulturminneplanen.

Vi er eigarar av eit freda kulturminne, og ønsker å bli endå betre på å formidle verdien av dette.

Prosjektorganisering

Vi skal i hovudsak gjennomføre arbeidet på eiga hand, med rettleiing frå Hanen om naudsynt. Heidi vil leie arbeidet. Heidi er sjukepleiar med vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge, i tillegg noko utdanning i rettleiing, reiseliv, økonomi og marknadsføring. Har vore aktiv politisk i 11 år, og vore innom både formannskap, kommunestyre og andre utval. Har i tillegg bygd opp og utvikla gardsturismen på Flatheim, som også inneheld både restaureringsarbeid, oppussing og nybygg. Jobbar også med ordinær gardsdrift. Har gjennom fleire år vore frivillig i 4H, DNT og vore delaktig i mange ulike arrangementskomitear, så har etterkvart ein svært allsidig bakgrunn som eg tenker vil dekke store deler av arbeidet som skal gjennomførast. Det eg evt skulle trenge hjelp til, trur eg at eg ganske lett skal klare å få oversikt over og skaffe hjelp til andre stader.

Samarbeidspartnere

Hanen, 4H, andre lokale bedrifter i området. Dette tenker vi å finansiere på eiga hand.

Aktiviteter

Vi skal systematisk jobbe oss gjennom dei ulike krava til godkjenning, vurdere korleis vi står i forhold til det, gjennomføre tiltak, bygge opp eit system, og bygge opp eit dokumentasjonssystem på alt. Vi vil også samanhalde dette med andre system og rutinar vi har får tidlegare. Om vi oppdagar at noko blir meir omfamtande, må vi vurdere og planlegge korleis vi skal gripe det an, og gjennomføre det etter plan. Dette vil i hovudsak bestå av mange arbeidstimar, med gjennomgang, diskusjonar, små og større tiltak, innføring av nye rutinar, og dokumentasjon.

Målgrupper

Prosjektet skal først og fremst styrke oss, gje oss trygghet på at det vi gjer er rett og bra. I neste omgåang skal vi bygge oss ein profil der dette også blir synleg, slik at gjester som skal besøke oss, får ei oppleving av at vi er miljøsertifiserte og at ting er gjennomtenkt og gjort av ein grunn. Vi håpar sjølvstøtt på at vi er med å påverke fleire bedrifter til også å gjere det same, altså sertifisere seg som bedrift.

Resultat

Unødvendige innkjøp ved god planlegging. Mindre avfall. Avfallet er meir miljøvenleg. Betre handtering av avfall. Gjenbruk både av det vi treng å skaffe oss og det vi evt kvittar oss med. Mindre strømforbruk. Forhåpentleg meir bruk av solenergi, evt jordvarme. Meir bruk av kortreist og heimelaga og heimedyrka. Gjenbruk av møblar. Endå meir lokalbevisst og miljøbevisst vertskap.

Effekter

Ikkje berre vi, men alle som vil komme til å jobbe hos oss skal få ei heilskapleg, gjennomtenkt miljøbevisstheit. Lokal stoltheit, lokal kunnskap, formidling av våre verdiar, formidling av kulturhistorie i endå større og med meir kvalitet enn i dag. Eg kan ikkje heilt sei kor risikoen er størst, det må kanskje vere at alle gode planar og tiltak kjem på papiret, men tidsklemma gjer at vi ikkje blir flinke nok til å bruke, formidle til alle i bedrifta. Men det får vi prøve å styre unna!

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Startar å jobbe med dette i dag, vil jobbe gjennom mest mogeleg før påske. Vi evt jobbe med tiltak som må på plass gjennom vår, sommar. Dei førstkommende månadane er sett av til utviklingsarbeid og kvalitetssikringsarbeid, så dette vil passe fint inn her. Kor fort ein kan bli sertifisert, vil eg ikkje kunne sei no, det spørst jo kor mykje som syner seg må til av ulike tiltak. Dersom mykje er på plass allerede og berre treng å systemastiserast, vil jo prosessen gå raskare. Vi håpar å vere klar til sommaren, og seinast 30.11.19.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
sertifiseringskostnad	9 000					9 000
Timar, eige arbeid, 3 veker 112,5 t x 350,-	39 375					39 375
Sum kostnad	48 375					48 375

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eige arbeid, eigeninnsats	28 375					28 375
Tilskotsordning for miljøsertifisering	20 000					20 000
Sum finansiering	48 375					48 375

Geografi

1430-Gaular

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato